



Arkoconsult AS  
Postboks 103  
5291 VALESTRANDSFOSSEN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 17/1197 - 17/32902

Saksbehandlar:  
Eilin Houlison Molvik  
EilinHoulison.Molvik@lindas.kommune.no

Dato:  
20.11.2017

## Utsleppsløyve for einebustad med annekts - gbnr 147/50 Sellevoll

Administrativt vedtak: **Saknr: 536/17**

Byggestad: Gbnr: 147/50  
Tiltakshavar: Nils Kristian Berge  
Ansvarleg søker: Arkoconsult AS  
Type utslepp: Sanitært avløpsvatn med utslepp 5 Pe  
Søknadstype: Forureningslova § 11, jf. forureiningsgorskrifta § 12-3

### SAKSUTGREIING:

#### Tiltak

Saka gjeld søknad om utsleppsløyve for einebustad med annekts på eigedom gbnr. 147/50. I søknaden er det opplyst at utsleppet frå eigedommen skal reinsast i slamavskiljar før utsleppet vert ført vidare til samlekum for avlaup og så vidare via eksisterande privat utsleppsleidning som går til sjø (Lammavågen).

Storleiken til utsleppet er opplyst til 5 pe.

Det vert elles vist til søknad mottatt 03.05.17 og supplert 27.09.17.

### Planstatus

Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommuneplanen sin arealdel er definert som LNF-føremål.

### Nabovarsel

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med forureiningsforskrifta § 12-4 nr. 2/§ 13-4 nr. 2. Det ligg ikkje føre merknader frå nabo.

### Passering

Plassering og utsleppsstad er vist i kart mottatt 03.05.17 datert 15.12.16 v/Stusdal VVS AS.

### Reinseløysing



Utsleppet frå eideomen skal reinsast i slamavskiljar før det reinsa utsleppet vert ført vidare i tett leidning til sjø. Reinseløysinga stettar krava til utslepp i mindre følsamt område.

### **Drift og vedlikehald**

Eideomen skal inngå i kommunal slamtømmeordning.

Forskrifta gjeld for heile kommunen med unntak av

- Veglause grender og øyar og eideomar som elles ikkje er tilknytt offentleg vegnett
- Eideomar der tömmetanken ligg lengre enn 100 meter frå køyrbar bilveg
- Eideomar der tömmetanken ligg lågare enn 8 meter frå køyrbar bilveg.

Slamavskiljarar knytt til heilårsbustadar eller fritidsbustadar skal tömmast heilt for slam etter behov, og ikkje sjeldnare enn kvart 2. år for heilårsbustadar og kvart 4. år for fritidsbustadar, jf forureiningsforskrifta § 12-13.

### **Privatrettslege tilhøve**

Slamskiljaren er plassert på eigen eideom, på gbnr 147/50. Utsleppsleidningen er går over gbnr. 147/47 og 147/127 til samlekum før utsleppet går vidare i eksisterande leidning over gbnr. 147/8, 9 og 39 fram til Lammavågen.

Det ligg føre erklæring med rett til å nytta eksisterande avlaupsleidning som går til sjø frå eigar av gbnr 147/11.

Avtalar om plassering av anlegg og leidningar på privat eideom og rett til bruk av privat avlaupsleidning bør tinglysast på eideomane.

### **VURDERING**

Det er ikkje offentleg kloakkanlegg i området.

Søknad om utsleppsløyve kan etter kommunen si vurdering godkjennast slik han ligg føre med utslepp via slamavskiljar til sjø. Reinseløysinga stettar krava til utslepp i mindre følsamt område.

Kommunen legg til grunn at eksisterande utsleppsleidning er i forskriftsmessig stand og at anlegget kan inngå i den kommunale slamtømmeordninga på ordinære vilkår.

### **Plassering**

Plassering av anlegg og leidningsnett kan etter kommunen si vurdering godkjennast i samsvar med kart mottatt 03.05.17.

### **Godkjenning etter andre lovverk**

Etablering av avlaupsanlegget krev løyve etter plan- og bygningslova kap 20.

Søknad om løyve til etablering av avløpsanlegg etter plan- og bygningslova er handsama i eige vedtak i administrativt vedtak saksnr. 532/17

### **Vedtak:**

**Med heimel i forureiningslova § 11, forureiningsforskrifta § 12-5 vert det gjeve utsleppsløyve for einebustad med anneks på eideom gbnr 147/50. Løyve vert gjeve på følgjande vilkår:**

1. Utsleppet frå eigedomen skal reinsast i slamavskiljar av godkjend type før utsleppet vert ført i tett leidning via felles samlekum og vidare til eksisterande utsleppsleidning som går til sjø.
2. Utsleppet frå eigedomen vert gitt for 5 pe.
3. Slamavskiljaren skal plasserast slik at han kan tömmast innanfor vilkåra i den kommunale slamtømmeordninga.
4. Utsleppet skal til ei kvar tid tilfredsstilla krav i Forskrift om begrensing av forurensing, §§ 12-7 til 12-13.
5. Det skal betalast slamgebyr i samsvar med gjeldande gebyrregulativ.
6. Eigedomen skal knytast til offentleg godkjend avlaupsleidning eller anna fellesleidning dersom slike vert ført fram til området og kommunen set krav om det.
7. Anlegget kan ikkje etablerast før det ligg føre løyve etter plan- og bygningslova.

## **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

## **Klage**

Enkeltvedtak truffet i medhold av forureiningsforskrifta kapittel 12 kan klagast på til kommunestyret eller særskilt klagenemnd, jf. [forureningsloven § 85](#) annet ledd og forureiningsforskrifta § 12-15. For enkeltvedtak truffet av kommunestyret er fylkesmannen klageinstans.

Enkeltvedtak truffet i medhold av forureiningsforskrifta kapittel 13 kan klagast på til Fylkesmannen, jf. forureiningslova § 85 2.ledd og forureiningsforskrifta § 41-5

Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjenvæst. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høvet til å klagt på vedtaket vera nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

## **Ansvar**

Anleggseigar er ansvarleg for at alt arbeid følgjer føresegner gjeve i eller i medhald av forureiningslova og plan- og bygningslova. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner, gjeld føresegnene før løyvet. Vedtak etter forureiningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve.

## **Bortfall av løyve**

Er arbeidet med etablering av avløpsanlegget ikkje sett i verk innan tre år etter at løyve er gitt, eller vert arbeidet innstilt i lengre tid enn to år, fell retten til å etablira utsleppet vekk, jf. forureiningsforskrifta § 12-5 4.ledd og § 13-5 4.ledd. Om utslepp framleis er aktuelt må ny søknad sendast inn.

## **Tilsyn, endring og opphør av løyvet**

Kommunen er forureiningsstyresmakt og fører tilsyn med at føresegner, lovverk og vedtak fatta i tråd med forureiningsforskrifta kapittel 12 og 13 vert følgd. Forureiningsstyresmakta har rett og plikt til å utføra tilsyn med avlaupsanlegga. Tilsynet vil kunna omfatta kontroll av anlegg si yting/funksjon og kontroll av kvalitet på utført sørvis og vedlikehald. Eigar av anlegget må dekka kostnader knytt til tilsyn og kontroll, jf. forureiningslova kap.7.

Om utsleppet fører til uventa forureiningsproblem, kan forureiningsstyresmakta oppheve eller endre vilkåra i utsleppsløyvet, setja nye vilkår og om naudsynt kalla tilbake løyvet i samsvar med forureiningslova § 18 og forureiningsforskrifta § 12-14 og § 13-17.

**Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 17/1197**

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Eilin Houlison Molvik  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Arkoconsult As	Postboks 103	5291	VALESTRANDSFOSSEN
Nils Kristian Berge	Hardangerfjordveie n 440	5610	ØYSTESE
Nils Kristian Berge	Hardangerfjordveg en 440	5610	ØYSTESE

**Mottakarar:**

Arkoconsult AS	Postboks 103	5291	VALESTRANDSFOSSEN
----------------	--------------	------	-------------------